

Møtet vart halde torsdag 22. oktober kl. 13:00-15:00, på møterom 425, Vektergården, Christiesgt. 13.

Medlemmer til stades

Gruppe A: Astrid Tolo, Gry Heggli, Ivar Nordmo, Hanne Riese

Gruppe B: Ingunn Johanne Ness

Gruppe D: Oda Bruun, Tord Hoel Pedersen

Observatører: Dagny Carolina Opsahl, Karoline S. Christiansen, Øystein Steine Larsen, Rut Elise Borgersen

Sekretær: Kåre Helleve

SAKSLISTE:

I	2015/792	GODKJENNING AV SAKSLISTE Sakslista vart godkjent, med følgjande endringar: orienteringssak #8 vart lagt til, og sak 25/15 vart endra til diskusjonssak
II	2015/792	GODKJENNING AV REFERAT Referatet frå møtet 17.09.2015 vart godkjent
III	2015/792	FULLMAKTSSAKER 1. Metmau660, endring av eksamensform (2015/11300) Vedtak: Undervisingsutvalet tek saken til etterretning.
IV	2015/792	ORIENTERINGSSAKER 1. Nye studentrepresentantar i UU PSU har oppnemnt tre studentrepresentantar (to faste og ein vara) til UU for 2015-2016, dei stilte alle på møtet 2. Eksamensrapport frå studieprogramma i pedagogikk 3. Emneevalueringar av PED112, PED211, PED212 og PED323 4. Eksamensrapportar lærarutdanninga 5. Søknad om oppretting av årsstudium i pedagogikk 6. Søknad om oppretting av bachelorprogram i spesialpedagogikk 7. Evaluering av lokalt opptak haust 2015 ved Det psykologiske fakultet Programansvarlege spelar inn eventuelle forslag til endringar innan 20. november. Evalueringar og eventuelle endringar skal handsamast i KUE-møte 16. desember. 8. Kompendium ved UiB Frå 01.10.15 vil det ikkje verte trykt opp kompendium ved UiB/Akademika lenger, og materialet som tidlegare vart trykt i kompendium skal no kunne kjøpast av studentane som digitale filer i UiB sin nye litteraturkiosk (drifta av Universitetsbiblioteket) for sal av digital studielitteratur. DISKUSJONSSAKER

		<p>1. Retningslinjer for fravær frå obligatorisk undervisning i lærarutdanninga</p> <p>Kommentar: denne saka vart i møtet gjort om til diskusjonssak. Retningslinjene som vart delt ut på møtet bør diskuteras vidare i lærarutdanninga.</p>
Sak 23/15	2014/9113	<p>Revidering av studieplan for bachelorprogrammet i pedagogikk, med nytt årsstudium i pedagogikk som første år</p> <p>Vedtak: Undervisningsutvalet ved Institutt for pedagogikk stiller seg bak den nye studieplanen for bachelorprogrammet i pedagogikk</p>
Sak 24/15	2014/9113	<p>Revidering av studieplan og emnebeskrivelser til bachelorprogrammet i spesialpedagogikk</p> <p>Vedtak: Undervisningsutvalet ved Institutt for pedagogikk stiller seg bak endringar i studieplanen for bachelorprogrammet i spesialpedagogikk (SPED100, SPED211 og SPED250)</p>
		<p>Eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Den digitale læringsplattformen Canvas skal innførast ved Det psykologiske fakultet våren 2016. Det er frivillig å melde inn emner til dette. Ivar Nordmo orienterte om modul i universitetspedagogikk som omhandlar Canvas, og føreslår at Det psykologiske fakultet/Institutt for pedagogikk ber om å få eit eige opplegg for kursing i Canvas. 2. Undervisningsdag ved IPED haust 2015: Astrid Tolo føreslo å ha Canvas som tema på undervisningsdagen, og eventuelt ha to halve dagar med workshopar om Canvas. Datoar må ein komme attende til. 3. Ivar Nordmo minna om UiB sin første læringskonferanse på VilVite tysdag 10. november, der Dee Fink er keynote speaker. Konferansen blir organisert av Program for universitetspedagogikk, og det har vore veldig bra respons med mange påmeldte.

Astrid Tolo
Leiar

Kåre Helleve
Sekretær